




Steinsland er sjølve innfallsporten til «Stølsheimen».

Steinsland is the gateway to the Stølsheimen mountains.



Verkalia i Stølsdalen.

Foto: Leif Nándal



Stølsvatnet mot Åsedalen.

Foto: Leif Nándal

Rute og ymse av interesse

Terreng: Gamal, steinsett fjellveg og natursti.
Fottøy: Støvlar eller fjellsko
Tid: Ca. 2 timar

Langs anleggsvegen som går gjennom **Stølsdalen** ser ein tydelege spor etter ferdslar frå uminnelege tider. Etter ca. 3 km på anleggsvegen (du køyrer på eige ansvar), Kjem me til **Heimastølen** (1) Her er det stølshus

Route and places of interest

Terrain: Old, stone-paved mountain road and country path
Footwear: Walking shoes or boots
Time: Approx. 2 hours

As you drive through **Stølsdalen**, traces of the old road remind you that this has been a transport route since time immemorial. After driving about 3 km on the access road (used at your own risk), you reach **Heimastølen**



og tufter etter fleire. Det var her bøndene på Steinsland sleppte dyra sine opp om våren, før graset vart grønt innover fjellet.

På **Heimastølen** kan me parkera bilen. Her i frå går me ca. 800 meter innover dalen til ei bru (2), der veggen på andre sida fortset i slyng oppover fjellsida. Ta til venstre like før brua og inn på den merka stien i **Verkalia**.

Stien opp gjennom Verkalia er ei kulturhistorisk oppleving. Ein del av stien er hellelagt, noko som vitnar om stor og viktig ferdsle. Stien vart nytta for å få buskapen til fjells og for å ha kontakt med andre bønder ved Sognefjorden og nabobygdene som omkransar Stølsheimen. På den tid låg ikkje Steinslandsgardane så avsides som det kan synast no.

Ta deg god tid på den hellelagte stien (3) og tenk på det arbeid som den gong vart lagt ned, og på dei som ferdast her.

Gamal og ny tid møtest i den vakre Stølsdalen. Øvst oppe, der denne stien endar, møter vi den moderne kraftutbygginga. (4) Her i frå kan du gå anleggsvegen nokre svingar til, og du er oppe ved demningen (5), med utsikt innover mot Stølsheimen.

Tilbake, nedover dalen på anleggsvegen.

Du kan og gå turen andre veggen og parkera oppe (4-5).

Støling og buføring.

«Stølsheimen» er namnet det store fjellområdet mellom Modalen, vossebygdene og Sogn, og er eitt av dei finaste stølsområda på Vestlandet.

Det gamle norske ordet «støl», stadul, tyder ein stad der buskapen vert samla og mjølka. Dette treng ikkje vera ein plass der det var hus. Beitelandskapet og stølsbruket i mange av fjellområda våre utvikla seg for meir enn 2 500 år sidan, ved overgangen til jernalderen.

Stølslivet var strevsamt. I 5-6 tida om morgonen måtte dei opp. Kyrne skulle leitast opp og mjølkast, og trebøtta med mjølk skulle berast på ryggen tilbake til stølen. Etter morgonstellet måtte dei heim til garden med fersk mjølk, dersom stølen ikkje låg for langt borte. 20 liter mjølk var vanleg å bera på ryggen.

Dei som ikkje kinna smør på stølen, bar rømmen heim med ein gong. Ofte var det og slik at dei kløvja heim den halvferdige osten for å halda fram den brendselslukande kokinga heime. Slik sparte dei den gode bjørkeveden på stølen.

Einskilte stader finst det enno stølar som er i bruk, men som del av naturallushaldet og næringsøkonomien på gardane er stølinga rein historie.

(1), where a shieling (mountain farm) building remains intact beside the remains of several more. This was where the farmers of Steinsland used to keep their cattle during the spring, until the grass turned green further up the mountains.

You can park at Heimestølen. From here, walk about 800m up the valley to a bridge (2), from where the road continues uphill in hairpin bends on the other side. Turn left just before the bridge on the track marked **Verkalia**.

The path up through Verkalia has an interesting history. Parts of the track are paved with flagstones, indicating that it was once an important traffic route. It was used to herd cattle into the mountains and to communicate with farms on the Sognefjord and in other neighbouring districts. In those days the farms at Steinsland were not as isolated as they seem today.

Take your time on the stone-paved track (3), recalling all the hard work and traffic that once went on here.

Old and new meet in beautiful Stølsdalen. At the head of the valley, where this track ends, you come to the modern hydro-electric scheme (4). From here, a few more bends on the access road lead you up to the dam (5), which offers fine views over the Stølsheimen range.

On your return, follow the access road down the valley.

Alternatively you can do the walk in the opposite direction, parking at the top end (4-5). Time: approx. 2 hours.

Mountain cattle farming:

Stølsheimen is the name of the large mountain range between Modalen, Voss and Sogn, and is one of the finest shieling (mountain pasture) areas in Western Norway.

The Norwegian word støl (Old Norse stadul) means a place where cattle were assembled and milked, which did not necessarily contain any houses. Many of Norway's mountain pastures date back over 2,500 years, to the beginning of the Iron Age.

Life on the shieling was hard. The herdsman had to get up at five or six in the morning, round up the cows and milk them, then return to the shieling carrying a wooden pail of milk over their shoulders. After their morning chores, they had to carry the fresh milk back to the farm, unless the shieling was very remote. Normally they would carry 20 litres over their shoulders.

Those who did not make butter on the shieling carried the curds straight home, where they were used as fuel for cooking, thus saving the good birchwood on the shieling.

In a few places shielings remain in use, but their role in everyday farming life has now been consigned to history.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.